



Språk i vinden

Kven er Dagmar? Kvar er Langfjella, Fladengrunn og Jyske Rev? Er «pent vêr» godvêr, og kva er no dét eigentleg? Enn «ekstremvêr» – er «uvêr» verken godt eller dårleg nok lenger? Eg rakk å tenkje mangt om vêr og språk medan juleorkanen kvesta den hundre år gamle tunselja, taksteinen takka for laget og berre fyra lyste langs leia i vest.

Med ærefrykt stig eg inn i den vidgjetne høgborga Meteorologisk institutt på Blindern i Oslo eit par veker seinare. Statsmeteorolog Haakon Melhuus tek imot meg like smilande som på skjermen.

– Det kan vere farleg om folk ikkje får med seg ei melding som vedkjem dei, så språket vårt må vere heilt klart. Språket er nok òg blitt meir direkte og naturleg dei seinare åra. Før var det til dømes vanleg å seie «forbigående dreiarande nordvestleg», medan vi no spesifiserer og seier «i dag sørvestleg, i morgon nordvestleg» eller tilsvarande, seier Melhuus.

Vasskiljet som forsvann, fiskebankar og utsette stader

Det finst ein del uttrykk i vêrmeldinga som «alle» kjenner til, men få veit noko konkret om. Eit døme er «Langfjella», som vi ikkje finn på noko kart.

– «Langfjella» er ei samlenemning for fjellområda som skil Vestlandet frå Austlandet, og som svært ofte utgjer eit vêrskilje. «Austafjells» blir då alt aust for fjella frå Agder til Trøndelag. I Langfjella ligg «vasskiljet». Det er ei linje frå sør til nord mellom dei vassdraga som renn mot vest, og dei som renn mot aust. Før brukte vi ofte «vasskiljet» om vêrskiljet mellom Vestlandet og Austlandet og mellom Austlandet og Trøndelag. Men det har vist seg at få veit kvar vasskiljet går, så vi bruker ordet lite no.

Full av forventning spør eg om radiovêrvarsla for fiskebankane, med namn som sette fantasien i sving då vi var små: Doggerbank, Fladengrunn, Jyske Rev.

– Slike spesialvarsel lagar vi for å unngå farlege situasjonar, seier Melhuus tørt. Min barndoms mytiske «Råkkål» sig i kav når han slår fast at «Rockall» er eit fugleberg og ein fiskebanke i Nord-Atlanteren vest for Hebridane – omstridt i politikken og kjent vêrskiljepunkt.



Foto: NRK

Statsmeteorolog Haakon Melhuus

Men «utsette stader», då. Kvar er det?

– Staden skifter med vêret. Melder vi sterk vind, kan Stad vere ein utsett stad. Handlar det om ekstrem kulde, kan Røros eller Kautokeino vere utsette stader. Dei som bur på «utsette stader», veit når vêrvarselet gjeld dei, smiler Melhuus. Eg trur han.

Nye uttrykk

Språket ved Meteorologisk institutt blir forvalta strengt. Etter andre verdskrigen kom det i stand eit FN-samarbeid for å standardisere terminologien. Det vart viktigare å kunne samanlikne vêrfenomen i alt frå klimaforskning til reiseliv.

– Det er viktig at vi bruker rette uttrykk. I media blir vêr-ord dessverre ofte omsette mekanisk frå engelsk. Eit døme er «rainstorm». Det kan ikkje heite «regnstorm» på norsk, for storm er ein term med ein presis defini-

til side 2 →



Klarspråksprisen 2011 til Statens pensjonskasse

– Det er et demokratisk problem dersom informasjon ikke når frem til alle som er berørt, sier administrerende direktør Finn Melbø i Statens pensjonskasse (SPK).

SPK har ansvar for et viktig saksområde og et komplisert budskap som skal formidles til nesten én million brukere. Juryen for Klarspråksprisen har lagt vekt på at SPK har arbeidet lenge og systematisk med klarspråk og gjort en enorm innsats for å endre bedriftskulturen.

–Språkarbeidet er nå en naturlig del av organisasjonsutviklingen, og klart språk er en del av faget uansett fagområde. Det omfattende arbeidet SPK har lagt ned, har gitt gode resultater og høy språklig kvalitet på begge målformer, sier juryleder Kjell Lars Berge.

Språkrådet

www.spraakradet.no

www.sprakradet.no

- Aktuelt
- Ordbøker
- Råd om språk
- Fakta om norsk
- Lov og rett
- Leik og lær
- Andre språksider

Støtte til språktiltak

Våren 2011 lyste prosjektet «Klart språk i staten» ut støtte til språkforbedring for tredje år på rad. Til sammen ble det delt ut 1,4 millioner kroner, 47 dagsverk med rådgivning og 15 todagers klarspråkskurs til 24 statlige virksomheter.

Her er noen prosjekter som ble startet i 2011 med støtte fra prosjektet:

- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet forbedrer rundskriv.
- Fylkesmannen i Østfold evaluerer språket i nettekster.
- Helseøkonomiforvaltningen lager e-læringskurs i å skrive klart og godt.
- Husbanken holder skrivekurs.
- Landbruks- og matdepartementet kvalitetssikrer språket i ny lov om jordskifte.

Støttemottakerne skal dele erfaringene og produktene sine. Ta kontakt med prosjektet «Klart språk i staten» på e-post klarsprak@sprakradet.no for mer informasjon.

1. mars kommer en kunngjøring om årets støtteordning på www.klarsprak.no.

Seminar om nynorsk i staten

28. mars 2012 ønsker Språkrådet velkommen til seminar om nynorskarbeidet i staten.

Tre inspirerende innleiarar frå ulike delar av offentleg sektor deler erfaringane sine med nynorskarbeid, Språkrådet orienterer om sine tilbod og hjelpemiddel, og deltakarane får ei innføring i mållova og korleis lova blir forvalta.

Målet med seminaret er å inspirere statstilsette til å få laga fleire og betre tekstar på nynorsk og setje i gang gode nynorsktiltak. Vi vonar at seminaret òg kan bli opptakt til eit kontakt- og diskusjonsforum for statstilsette som arbeider med nynorsk.

Les meir på www.sprakradet.no og meld deg på til stat@sprakradet.no.

→ Språk i vinden ... frå side 1

sjon. Her er det snakk om «kraftig regnvêr», seier Melhuus.

Pent vêr

Kva vi oppfattar som «pent vêr», varierer med heimstad og yrke. «Opphaldsvêr» òg. Finst det ein meteorologisk definisjon?

– Sjølv sagt! Det er «pent vêr» når ikkje meir enn halve himmelen er dekt av skyer. Og det er «opphaldsvêr» når vi ikkje får meir nedbør på tju-fire timar. Og så kan vi moderere det: «Stort sett opphaldsvêr» betyr at vi ikkje får meir enn 0,4 mm nedbør på tju-fire timar, forklarar Melhuus.



Ekstremvêr

Ordet «ekstremvêr» kom inn i språket etter nyttårsorkanen i 1992. Orkanen var varsla, men få reagerte. Derfor vart dei materielle skadane så store. Sidan vart det utarbeidd ein beredskapsplan. Den inneber mellom anna at Meteorologisk institutt skal lage eit særskilt «ekstremvarsel», for

«ekstremvêr», slik at samfunnet kan førebu seg og minimere skaden.

«Ekstremvêr» er vêr og naturfenomen som kan ta liv og øyde store verdiar i eit stort område. Ein varslar om vind, nedbør, flaumfare, snøskredfare og stormflod, som oppstår når pålandsvinden piskar sjøen mot land samtidig som lågtrykk hevar sjøskorpa.

– Vi bruker også skjønne før vi sender ekstremvarsel. Mellom anna ser vi på vêrtype, vindretning og kva veg stormen går. Vêrvane spelar også inn. Det er til dømes lågare terskel for å sende ut ekstremvarsel for sterk vind austafjells enn i Troms, seier Melhuus.

Ei arg tante Dagmar?

Sidan 1995 har ekstremvêrhendingane i Noreg fått personnamn, slik tropiske stormar og orkanar i Atlanterhavet har fått sidan 1953.

Eg kan ikkje dy meg, men må spørje om nokon ved Meteorologisk institutt har eit horn i sida til ei tante Dagmar, ein fetter Cato eller ein kollega Berit.

– Namna skal gjere det tydeleg at vi har

ekstremvêr i vente. Namnet vekkjer stor merksemd og lettar kommunikasjonen, seier Melhuus.

Av same grunn skal namnet vere tydeleg, så lista består av nokså korte jente- og guttenamn som er i vanleg bruk i Noreg. Namn med bokstavane q, w, x, z, æ, ø og å blir ikkje brukte. Namna kjem i alfabetisk rekkefølge, mannsnamn og kvinnenamn annankvar gong.

– Namna på lista er heilt tilfeldig valde innanfor dei gitte rammene, forsikrar meteorolog og namnelistesjef Dag Roger Kristoffersen. Eventuell likskap med verkelege personar er altså ikkje tilsikta.

– Vi bruker mellom anna boka «Hva skal barnet hete?», og i den nyaste utgåva har dei teke inn ein del nye namn, til dømes Ahmed og Fatima, legg Kristoffersen til.

Namnelista er klar, men ikkje offentleg. Siste-mann ut var Emil, men vi blir pent nøydd til å vente og sjå om det blir Frida eller Fatima som kjem for å slåst med det som er att av tunselja.

Torunn Reksten

Å stå han av

Skikken med kvinnenamn på uvêr har ikkje grunnlag i vêrharde stork her i landet. Særleg i målføra vest og nord i landet er det vanleg å bruke pronomenet *han* om vêret og nokre andre naturfenomen: *han regnar, han grånar, han tetnar til, han tjuknar, det dryp utor han, han friskar på, han blæs, han spaknar* og så vidare i det uendelege. Det kan òg gjelde vindretning: *han er på nord, han er austleg – sjø: han er flo –* og ikkje minst tid: *han skymest, han vårast*.

Budd på krise

Justis- og politidepartementet har skiftet navn til Justis- og beredskapsdepartementet – på både bokmål og nynorsk. Fra før har vi et direktorat som på nynorsk er for «samfunns-tryggleik og beredskap». Ikke alle nynorskbrukere er like fornøyd med navnene. Det å være *(for)beredt på noe* har alltid hett å være *budd på* i nynorsk og i mange dialekter, det står til og med i Bokmålsordboka.

Begrepet *beredskap* har vært aktuelt flere ganger i nyere tid. I 1950 raste ordskiftet om beredskapslovene som skulle gi regjeringen vide fullmakter i krisesituasjoner. Også da ble *uttrykket* beredskap drøftet. I 1952 skal kirke- og undervisningsminister Lars Moen ha foreslått *vernebuing* som nynorsk motstykke. *Vernebuing* ville da være en selvforklarende variant av *førebuing*. *Vernebuing* har ikke slått helt igjennom. Språkrådet har ikke gått inn for å endre *beredskap* i det nynorske navnet på departementet.



Det gjeikk opp og ned



Om mengdeendring i rapportar og rekneskapar, med vekt på nynorsk

Fjoråret er overstått, og vi prøver å leggje det bak oss. Men fyrst skal det oppsummerast. Eit viktig trekk i årsmeldingar og liknande er jamføring av mengder frå år til år. Kva er dei enklaste og greiaste orda vi kan bruke? Og finst det ein symmetrisk mal for mengdeuttrykk? Vi skal sjå litt etter.

Mengd

Dei mest grunnleggjande orda for kvantitet er para i tabellen her:

mykje – meir	lite – mindre
stor – større	liten – mindre
store – større	små – mindre*
mange – fleire	få – færre

*Merk at «mindre skrivefeil» ville vore tvitydig, det kan i prinsippet òg tyde 'av mindre omfang, små'. Nyare norsk manglar eit særskilt ord for dette siste. Før kunne det heite *smærre*, som på svensk (jf. òg skiljet *less/smaller*).

Ofte kan ein nøye seg med dei i staden for substantiv:

- nedgang i skrivefeil i etaten → færre skrivefeil i etaten

Jamføring

Grunnuttrykket for jamføring av mengder er komparativ + *enn*, til dømes *større enn*. Når vi jamfører ulike budsjett, eller budsjett med rekneskap, er det meir logisk med *enn*-formuleringar enn med endringsord. Men òg når det er tale om verkeleg endring frå år til år, kan vi ofte nøye oss med *enn* (eller *frå*). Ikkje bruk omstendelege uttrykk for jamføring i utrengsmål:

- nedgang i *x samanlikna med (i forhold til) i fjor*
→ nedgang i *x frå i fjor* → mindre *x enn i fjor*

Mengdeendring

Vi treng ofte endringsverb og tilhøyrande substantiv. Heilt grunnleggjande er pareit *auke* og *minke*, til dømes:

- utgiftene har auka 10 % frå i fjor

Substantiva som høyrer til, er (ein) *auke* og (ei) *minking*, før òg *mink* på nynorsk (t.d. *verdimink*). Dei mest brukte orda er utheva i tabellen. For partisippet er *minka* er det vanleg å skrive *er mindre/lågare* enn eller *redusert*. Både *minke* og *minking* kunne godt vore meir brukt i skrift.

adjektiv:	meir enn	mindre enn
verb:	å auke, å auke noko	å minke, å minke noko
perf. part.:	er/har auka	er/har minka
substantiv:	auke	minking (mink)

Å *auke* og å *minke* kan òg ta objekt, dei er transitive. Ein kan *auke/minke noko*. Særleg på bokmål nyttar ein *minske* i denne tydinga.

Nivå og nivåendring

Nivå er ikkje store eller små, dei er *høge* eller *låge*, og dermed går dei opp og ned, dei stig og sig. Tal og summar kan ofte sjåast både som mengder og nivå. Dei kan t.d. vere både store og høge og dermed både auke og stige. Det er nok ein aukande tendens til å sjå mengder som nivå i ei tid der alt skal inn i fine stolpediagram.

Har vi nokon enkle verb som er avleidde av adjektiva *høg* og *låg*?

Islendingane har para *hækka(st)* og *lækka(st)*, som dekkjer alt. I prinsippet har vi desse tilsvarande para:

- å *høgne* og å *lågne* (bli høgare/lågare)
- å *høgje* og å *lægje* (gjere høgare/lågare)

På bokmål kan *forhøye(s)* dekkje plussida godt. Men orda ovanfor er lite nytta i norsk no.

I dag har vi ikkje noko par av ordrøter som utgjer eit symmetrisk system. I tabellen nedanfor finn vi berre to-tre uferdige emne:

Nivå	+		-		
intrans. verb:	gå opp	stige	gå ned	falle	^b synke
pres. part.:	-	stigande	(nedgåande)	fallande	^b synkende
perf. part. (er):	gått opp	stigen	gått ned	fallen	^b sunket
substantiv:	oppgang	stiging	nedgang	fall	^b (synking)
trans. verb:	setje opp	heve	setje ned		senke
perf. part. (er):	-	heva	nedsett		senka
substantiv:	-	heving	nedsetjing		senking

b = bokmål

Med dei *halvfeite* orda får ein fylt tre av fire bolkar med opp/ned-uttrykk. Men ein må ty til *heving* der *oppsetjing* ikkje går. Eit alternativ er dei *kursiverte* orda *stige*, *heve*, *falle*, men nede til høgre må ein anten ta inn eit ned-uttrykk eller halve *synke/senke*-paret. (Om *synke* og nynorsk, sjå Måltrosten på baksida.)

Andre ord og former

Redusere er ein mogleg potet på minussida, men orda i tabellen er meir nyanserte. Dersom til dømes *x er redusert med y*, veit vi ikkje heilt om *x* er sett ned eller berre har gått ned. Kanskje er *x* i klårtekst *skoren ned!*

Ein skriv sjeldan eller aldri om *stigne*, *oppgåtte*, *falne* eller ^b*sunkne* summar. Slike former, perfektum partisipp sett føre substantivet (attributivt), står ikkje i skjemaet. Her må ein gjerne ty til *reduserte*, *lågare* e.l.

Dei gode orda *å vekse* og *vokster/vekst* glimrar med fråværet sitt i mengdetabellen til venstre. Dei er ofte synonyme med *auke*, men det kan svare seg å reservere dei for visse fenomen.

Sige er eit tregare alternativ til *falle*, men det er lite brukt i abstrakt tyding dag, bortsett frå i slang (*nedsig!*).

Konklusjon

Ein kan komponere mykje sjølv. Men er det om å gjere å få flest mogleg notar i eitt verk, som keisaren seier til Mozart i filmen *Amadeus*? I årsmeldingar og rekneskapar må det kallast unotar å hoppe umotivert mellom orda ovanfor. Sats heller på nokre ord og ordpar – då får lesaren raskast oversyn over endringane.

SPRÅKTIPS



SPRÅKEGGET

Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende mennesker i stat og presse. Dagens eksempel er hentet fra en lokalavis, som siterer fiskeriministeren:

Det er alvorlig når fersk fisk ikke har forbrukernes tillit.

Ja, en skal ikke ta alt for god fisk.

Rev i seilene, i Nordsjøen og bak øret

I de to første tilfellene er **rev** intetkjønnsord. Det første ordet betyr 'rekke av hull i seil med snører til å binde om opprullet del av seilet' (= *søfte*), eller 'del av seilet nedenfor en slik hullrekke'. Når man *tar rev i seilene*, minsker man seilarealet – man modererer seg.

Det andre *revet* er en langstrakt grunne som gjerne strekker seg ut fra land. I værmeldingen hører vi ofte om **Jyske Rev** utenfor Jylland.

Rev i det tredje uttrykket er det velkjente pelsdyret. «Å ha en rev bak øret» betyr å være lur. Den slags rev het *refr* på gammelnorsk, mens de to andre het *rif*.

DIKTET

Årsrapport
tror på spar
trå pr-prosa
toårs pr-rap
pr-patos rår

råpratspør
pop-tsar rår
rart soppår
å, rar stropp!

arr på prost
sport på arr
sår rapport
årsrapport

Øksulf Skafte (pseudonym)

MÅLTROSTEN

På nynorsk kan vi ikkje synke. I **konkret** tyding, i det våte element, heiter *synke-sank-sunket* alltid *søkke-søkk-søkke* og *senke-senket-senket* heiter helst *søkkje-søkkje-søkkje*

Skipet søkk altså. Kanskje *nokon søkkte det*? Eller var det berre ei *sjølv søkkje* (ei lorje)?

Kor som er: *Søkking* skjer helst i hav, gjørme og anna blautt, ikkje i luft eller abstrakte emne. Så *sokne* og eventuelt *søkkte inntekter* høyrer seglskutetida til!

Abstrakte ting, derimot, *går ned* eller liknande (sjå *På plakaten*). Når vi gjer noko abstrakt lågare med vilje, kan vi t.d. *setje det ned* (før *lægde* ein det gjerne).

Senke er i motsetnad til *synke* teke inn i nynorsk. Det blir nok mest brukt om konkrete *hev-* og *senkbare* ting.

Ordklekking

– når heisturen går i heisen

Vriomheis eller *lureheis* er heisen som går fra deg idet du når fram. Når du står der, *heislatt* etter ei mislykka heisjakt, har du hatt *heisutur* og føler deg *heisekrank*. Og mange vestlendinger vil uten vidare si «han var heisen i dag», slik de også sier når været er vrangt.

En leser får bakoverheis og kaller det for løftebrudd når heisen, uten å være fradrag(s)berettiget, setter henne i heisknipe.

Hummer og kanel – misforståtte uttrykk

Fiskefall

Å *ta noe for god fisk* er å godta det. Men ikke all fisk er like god. *Zwiebfisch* var navnet på en udelikat fiskerett som trykkerilærningene ofte måtte trykke i seg om lørdagene. Den skal ha gitt opphav til benevnelsen (*svibel*)fisk om bokstavkluss og ødelagt trykksats. Å *falle i fisk* er altså nesten det motsatte av å *falle i god jord*, som betyr å bli godt mottatt. I det siste har vi hørt flere si «falle i god fisk». Det er i beste fall meningsløst, og i verste fall livsfarlig, å blande jord og fisk.

BOKFINKEN

«Julen er høytid for brann», leste vi nylig i et rundskriv fra et borettslag. Sannsynligvis tenkte skribenten på *høysesong*. Hun mente altså at julen er den tiden på året da det oppstår flest branner. (At fotballaget Brann kanskje har en egen høytid i Bergen, er en annen historie.)

Høytid er en større religiøs eller kirkelig fest, som jul og påske. *Høysesong*, som har lite med den slags fester å gjøre, er den travleste tiden på året for f.eks. handelsvirksomhet eller turisme. *Sesong* (fra fransk *saison*, egentlig 'årstid') betyr periode, årstid da et arbeid eller en virksomhet foregår. I januar har vi lagt julehøytiden bak oss, men i butikkene er det høysesong for både det ene og det andre.

Nå er vi midt i den verste rapporteringsstria. Fulle av pågangsmot vil vi gå vidare med nye tiltak, men må i stedet rapportere om tiltakene som falt i fjor. Hva kan vi kalle følelsen? Eller selve situasjonen? Skriv til stat@sprakradet.no.

STATSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Adresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Redaktør:
Torunn Reksten, stat@sprakradet

Abonnement og adresseendring:
bestilling@sprakradet.no

Utforming:
Marit Heggenhougen | cmykdesign.no
Trykk: Zoom Grafisk

Opplag: 17 500
Redaksjonen avslutta 10.02.2012

ISSN 0805-164X